Eg har jobba mykje med å få til ei kvinnekontaktsamling her i fylket. Samlinga var planlagt på våren, men de var so liten interesse at den blei avlyst. Men etter mykje fram og tilbake blei den halde i samband med leiarkonferansen. Det var positivt, heile sju jenter var samla. Vi opna med felles samling i lag med leiarane ute i lavvo. Det var riktig koselig med deilig grilla laks og flatbrød, i lyset frå ei rekke faklar. Det var nesten som å være i villmarka, og ikkje i hagen til Sunnfjord Hotell, for det var der vi var.

Samlinga var lagt opp til at ein skulle bli kjent med kvarandre. Prate og utveksle erfaringar og løyse det som var vanskeleg.

I juni-juli skulle vi arrangere laksefiske i Gaular elva. Vi hadde ordna oss med instruktør som skulle lære oss blant anna å lese elva og elles hjelpe oss med fisket. Dessverre var det også her so lita påmelding at vi måtte avlyse. Dette til tross for at interessa for laksefiske hadde vore stor på førehand.

Før hjortejakta skreiv eg ei pressemelding om kvinner og jakt, og om det å ta omsyn til kvarandre og ha respekt for det levende liv. Naturen er til for alle, enten du er turgåar, bærplukkar eller jeger.

Vi hadde ei kjempeflott helg i Hyen der vi arrangerte hjortejakt for jenter. Vi var so heldige å få være med eit jaktlag i Hyen på jakt. Vi var seks jenter som deltok. Vi overnatta på ei seter. Vi fikk to dagar med jakt, men dessverre såg vi ikkje dyr. Men vi fekk med oss ein fantastisk viltmiddag som jaktlaget sto for.

Eg får sei at dette året har det vært framgang i kvinnearbeidet. Vi er fleire jenter som arbeider saman, og det er svært positivt. Eg føler at vi har lagt noken grunnsteinar i arbeidet vårt.

Etter eit år med so mange avlysningar av ulike arrangement, har eg bestemt meg for at det til neste år skal gjennomførast det som er planlagt so sant det er deltakarar påmeldt. Det har ein dårlig effekt å avlyse gang på gang

Eg ser positivt på det nye året og gleder meg til å jobbe vidare med kvinnearbeidet.

Med helsing
Bente Skrede
- kvinnekontakt-

# ÅRSMELDING FRÅ UNGDOMSANSVARLEG

Satsing på ungdom er ei stor utfordring i ei tid der konkurransen om dei unge si interesse er stor. Eg ser på oppgåva som å vera ein tilretteleggjar slik at dei unge får tak i kjerneområde ved friluftslivet, sportsfisket, naturopplevingar, jakt og fangst. Den sosiale utviklinga hjå dei unge i direkte kontakt med naturressursane gjev dei ei verdiforankring som samfunnet vil nyta godt av både på kort og lang sikt. Auka interesse og aktivitetar i naturen gjev grunnlag for læring og utvikling.
Som vaksne har me eit stort ansvar i å gje dei rammevilkår som legg til rette for nettopp læring og utvikling gjennom aktivitetar på ulike områder.
Presset på naturressursane er stort med vasskraftutbygging, motorferdsel, hyttebygging, forureining, klimatruslar for å nemna noko. I tillegg dukkar det stadig opp nye trendar som kan gi uønskte konsekvensar. Samfunnet er i ei konstant endring og det vert difor viktig at nettopp ungdommen vert i stand til å ivareta desse verdiane slik at dei kan nyttast også i framtida.
Kompetanse er løysinga og det vert satsa på kompetanseutvikling i tida som kjem.
(Kompetanse er summen av: kunnskap + ferdigheit + haldningar + erfaring.)

Ungdomsleirane er eit av tiltaka som gjev ungdommane ei komprimert oppleving;
Fleire aktivitetar – opplevingar innafor ei tidsavgrensa periode med ulike aktørar/instruktørar, leik og moro og god mat.

**I 2007 vart det arrangert:**
Fylkesleir for 12- 15 åringar på Nesholmen i Hyen 1-3juni.
68 born i naturskjønne omgjevnader og med eit rikhaldig program gjorde inntrykk på både foreldre og garva NJFF-aktørar. Kort og godt: MORO!!!

Villmarksleir 14+ ved Hafslovatnet i Luster 8-10.juni
Dei 15 deltakarane i 14-års alderen fekk boltra seg i nydeleg vèr langs kanten av Hafslovatnet.
Fisking og skyting på blink med luftgevær og grilling var tema første kvelden.
Neste dag var det klatring i fjellvegg med instruktørar, padling, fisking og til og med bading(brrr). Søndag var deltakarane på skytebane i Gaupne.
Leiren vart arrangert i samarbeid med FNF Sogn og Fjordane og gav absolutt meirsmak.
(Du kan lese meir om leirane, og sjå bileter på NJFF Sogn og Fjordane sine heimesider)

**<u>2008</u>**
Planane for 2008 er å vidareføra Fylkesleirane og det vert lagt ut informasjon og stad og tid fortløpande på Fylkeslaget sine sider. Eg oppfordrar lokallaga til å engasjera seg i ungdomsarbeid og delta som arrangør ved ulike arrangement som td. desse leirane.
Fleire lokallag opplever at ulike aktivitetar for born og unge tiltrekkjer seg fleire interesserte foreldre og andre ressurspersonar. Det handlar på mange måtar om å skapa alternative miljø der nye idèar og tankar kan skapa felles engasjement.

Vil takka styret og medlemmar for eit godt og kreativt år, og ser fram til vidare satsing på ungdom og elles alle jenter og gutar i alle aldrar.

Med helsing
Jan Thore Fedje
- Ungdomsansvarleg –

# ÅRSMELDING FRÅ FAGLEIAR FISK

Siste arbeidsåret har som vanleg vore prega av mykje arbeid med utbyggingssøknader.
Det har vore lite med førespurnader frå lokallaga om støtte til slikt arbeid, så eg vurderer sakene utifrå mi vurdering av aktualiteten.
Eg har på spurnad frå Vik JFF vore på synfaring i Feiosvassdraget, og skrive ei relativt grundig fråsegn på den elva. Har og gått gjennom Leikanger si fråsegn på deira store sak- og støttar deira fråsegn fullt ut.

Eg har vore på synfaring i Våtedalen og på Byrkjelo, og sett på anlegga i den regionen.
Har elles skumma ein del søknader som eg ikkje har skrive fråsegner på.
Når det gjeld aktiviteten min, viser eg til styrets opplisting annan stad i årsmeldinga.

Eg har delteke i dei tradisjonelle samlingane, og det vart vedteke å sende ei fråsegn frå laksemøtet på Skei, og eg vart vald til å formulere ei felles fråsegn, der forsamlinga uttrykte uro over stoda for villaksen og sjøauren. Denne gjekk til stortingsbenken, alle media fylkeskommunen og fleire. Media orka ikkje nytte seg av det faktaunderlaget som vart lagt fram, men fylkesordføraren sende oss ein e-post der han hadde merka seg synspunkta våre.

Er elles oppteken av å delta i fora der eg møter ungdom, og vil i den samanheng nemne både vårt samarbeid med 4H om storkurset på Vassenden og ungdomsleiren på Nesholmen, som eg synest held same gode faglege nivået - også etter at lokallaga har teke over ein større del av ansvaret for arrangementet.

Eg opplever at vi får god respons hos fylkesmannen, og har eit godt samarbeid. Årets fiskeseminar vart flytta over på nyåret, og eg er nøgd med at vi fekk ein oppslutnad på over 50.

På grunn av arbeidspress og datatrøbbel, har eg ikkje fått fylgt opp sjøaurekartlegginga godt nok med Florø og Stryn, men eg kjem attende til dei våren 08. Høyanger er tilnærma ferdig.

Det har vore meir stille kring brislingsaka enn godt er - sidan vi reiste denne på landsmøtet i 2006, men vi tek det opp att.

Vi vann ein viktig siger ved at Fylkesmannen nekta Norsk Villaksbevaring å framleige midtre del av Stryneelva sist sommar. Neste sesong vil vi prioritere å få fram ein oversikt over tilgangen på lakse- og sjøaurefiske i fylket, for å møte aukande interesse for formidling/framleige. Vi vil og sluttføre første runde med sjøaurekartleggingsprosjektet.

Helsa har skranta ein del utover hausten, og eg har ikkje rukke over det som var planen. Det er difor tanken å få med 2-3 personar til i eit fiskeutval, så vi kan betre kontakten med lokallaga om fiskefaglege spørsmål og fordele arbeidet litt meir. På fiskeseminaret vart det og påpeikt at vi nå må sjå nøyare på utvikling av innlandsfiskeressursen- når tilgongen i elvane blir innsnevra. Her ligg eit stort potensiale.

Ideen om å utvikle eit kart som viser gode fiskeplassar for sjøfiske i fylket er kome opp. Sjølv om også desse bestandane har gått tilbake, gir vår flotte kystline mange gode høve til kjekke fiske- og friluftslivopplevingar. Lokalkunnskapen om slike stader er det lokallaga som har - difor vil det kome eit initiativ om å vere med og få på plass eit slikt kart med det første, og vi bed dykk om å ta denne utfordringa og delta i kartlegginga innanfor dykkar nedslagsområde.

Dei meir fagpolitiske fiskefaglege spørsmåla mot DN, Fylkesmannen, MD og forskingsmiljøa skal og ha prioritet komande arbeidsår, og dette er tidkrevjande, men det verkar.

Mattilsynet har for første gong gått ut med pålegg om felles vinteravlusing, og Fiskeri og kystdepartementet har varsla at dei ikkje vil tillate nye konsesjonstildelingar i Hordaland og Sogn og Fjordane på grunn av at villaksen og sjøauren er alvorleg truga. Heller ikkje vil allereie etablerte anlegg få lov å ekspandere. Dette er prisverdig av våre øvste styresmakter, og fortener honnør, sjølv om vi meiner det kanskje er 20 år for seint.

Som sportsfiskarar skal difor vi og vere vårt ansvar bevisst, og avgrense uttaket vi gjer i elvane til eit nivå bestandane toler - der vi ser at det er nødvendig. Skal vi ha ein ressurs å hauste av i framtida er dette heilt nødvendig- vi skal og bere vår del av byrden med å berge villfiskstammane- nå når forvaltninga endeleg kjem etter.

Skal vi få opinionen med oss, må vi kommunisere desse tinga gjennom media. Difor imøteser eg at lokallag tek kontakt når lokale forhold blir utfordra - så skal vi støtte dykkar lokale engasjement i å fronte saker – ikkje ta over saka.

Avslutningsvis takkar eg alle som har engasjert seg. Spesiell honnør til Reidun for all god oppbacking og service frå kontoret. Takk for innsatsen i sesongen som er omme- vel møtt til nye tak.

Med helsing
Svein Arne Forfod
Fagleiar Fisk –

## ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR ETTERSØKSHUND

I 2007 har det vore normal aktivitet med sporprøver på ulike stader rundt om i fylket.
Mange friviljuge sporleggarar og dommarar har gjort ein god innsats for å få arrangert desse prøvene.
Dette arbeidet er det viktigaste for å klare å oppretthalde ein god standard på ettersøksarbeidet rundt om i fylket. Stor takk til alle saman!
Det har vore gjennomført to vidaregåande ettersøkskurs i 2007.
Eit kurs i Sande i Sunnfjord og eit på Nordfjordeid. Framover må det satsast på fleire og betre vidaregåande kurs, for det er viktig å få betre ettersøksjegerar med erfaring.
Det vart også løyvt pengar frå fylket til ei samling for ettersøksdommarar for å få meir lik dømming. Men denne vert først halden 1. mars 2008.
Fylkesinstruktøren deltok på ei tre dagers samling for instruktørar frå heile landet i Stjørdal i desember.

Med helsing
Lidvin Hage
- fylkesinstruktør ettersøk -

## ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR JEGERPRØVE

Det vart arrangert oppdateringskurs for eksisterande instruktørar 3.-4. februar i Førde og 3.-4. mars i Sogndal.
Det nye digitale materiellet vart presentert og godt motteke. Det var ei viss usikkerheit omkring overgongen til digitalt verkty. Så langt har eg berre fått positive tilbakemeldingar.

Det viser seg no at fleire lokallag må gjere ein innsats for å finne nye og motiverte instruktørkandidatar i jegerprøva. Dei instruktørane som ikkje vart oppdaterte i 2007 er lagde på ei passiviseringsliste. Det betyr at dei ikkje kan arrangere kurs, før dei har teke ny oppdatering.
Målet mitt har vore å bygge opp ei gruppe på minst 3 instruktørar i kvart lokallag for at dei skal kunne dele instruktør-oppgåvene mellom seg. Dette opplegget fungerer der ein praktiserer det. Den nye jergerutdanninga på 30 t. set store krav til instruktørane både fagleg, pedagogisk og med omsyn til personleg tidsforbruk. Dei lokallag som har få instruktørar, kan oppleve at instruktørane grå trøytte. Tiltaket mot dette er å finne nye, dyktige kandidatar i 2008.

På leiarsamlinga i Førde 24.-25. november ver fleire instruktørar samla. Vi tok då ei evaluering av det nye materiellet. Viktigaste innspelet for å gjere instruktørmateriellet betre, er å få omarbeide alle innesamlingane til power–point versjonar.

Fylkesinstruktøren i jegerprøva deltok på den årlege samlinga for fylkesinstruktørar i Stjørdal 7.- 9. des.

Tilbakemeldingane syner at dei lokale instruktørane i fylket gjere ein svært god jobb. Det er heller ikkje registrert kommersielle aktørar i jegerprøve-avviklinga i fylket.
Det er nok fleire grunnar til dette. Eg vil understreke verdien av at alle lokale instruktørar samarbeider om kursa og fordeler øktene mellom seg . Dette aukar kvaliteten på kursa og styrker samarbeidet mellom instruktørane.

Eg ber om at alle lokallaga sjekkar punkta under før rapporten til Studieforbundet NM vert sendt etter avslutta kurs:

1. Ferdigmeldingane skal vise at jegerprøvekurset varte i 30 timar, verken meir eller mindre.
2. Hugs å skriv på klokkeslett for start og slutt under kvar dato. Det er ikkje nok å berre skrive timetal i sjølve dato-rubrikka.

**Årsplan for Fylkesinstruktøren i jegerprøva 2008:**

Det vert kurs for nye instruktørar i Førde 26. – 27. januar 2008.
Fylkesinstruktøren vil delta på sentrale samlingar som må til for å sikre god oppdatering eller som styret i NJFF –Sogn og Fjordane bestemmer.
Avslutningsvis vil eg takke dei lokale instruktørane for godt arbeid i 2007.

Med helsing
Bjarne Huseklepp
-Fylkesinstruktør Jegerprøve-

## ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR HAGLE
Har i 2007 gjennomført dei nødvendige oppdateringskursa for jegertrap dommarar i Sogn og fjordane. Vidare vart det arrangert ei rekrutterings skyting der eit avgrensa antal skot og leirduer, samt annonsering og ein premie til ein av deltakarane vart dekka av Fylkeslaget. Førde, Askvoll/Holmedal, Eid og Leikanger melde seg på dette. Til saman deltok det ca. 135 personar på dette arrangementet, fordelt på desse fire laga.
13 oktober kalla vi inn til ei samling på Lunde, der vi "spikra" terminlista for 2008, samt danna jaktskyttar utvalet i NJFF - Sogn og Fjordane. Utvalet består av: Olav Årskaug, Svein Inge Lundheim, Jan Inge Kleppe og Bjarne Skrede. Meininga med utvalet er å "lette trykket" på fylkes sekretæren når det gjelder samkjøring av stemner etc.

Budsjett 2008 vert om lag 20.000 både på inntektsida og utgiftsida. Går hovudsakleg til premiar og rekruttering.

Med helsing
Olav Årskaug
- Fylkesinstruktør hagle -

## ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR AVERSJONSDRESSUR

Styret i NJFF -Sogn og Fjordane fritok førre fylkesinstruktør Aversjonsdressur for vervet. Arvid Holme frå Flora jfl vart innstilt som ny fylkesinstruktør på slutten av 2007.

## ÅRSMELDING FRÅ FYLKESSEKRETÆR
Fylkessekretæren har 100% stilling med heimekontor på Rygg/ Sandane. P.g.a. ein del helgejobbing og kveldsarbeid, har eg fast avspasering onsdagar, noko som har fungert bra. Arbeidsoppgåvene mine kjem hovudsakleg frå fylkesstyret, men også noko frå sentralt hald. Sakene eg har jobba med kjem fram av status årsplan og møteverksemd.

2007 vart eit år med mange aktivitetar i lokallaga, også ein del jenteaktivitetar vart arrangert. Det er gledeleg at det ser ut for at kvinnesatsinga er byrja å ta form i laga og skyte fart. Satsing på barn og ungdom er også stor og det gjev uttelling, Leikanger jfl er eit godt bevis for det. I fjor hadde dei 94 barne- og ungdomsmedlemer, I 2001 stod dei bokført med 10.
På slutten av fjoråret hadde lokallaga frist for søknad på frifondmidlar. 10 av laga i fylket vårt meldte inn her 226 aktivitetar! Det blir spennande å sjå kva resultat det gjev. Oppfordrar laga til å bruke NJFF sitt nye vervemateriell på aktivitetane sine, her er mange fine premiar å hente for dei som verver medlemer. Det er ikkje nødvendigvis flest mogleg medlemer som er målet, men vi har eit stort potensiale av "gode" og aktive medlemer blant begge kjønn.

Eg vil takke alle lokallaga og tillitsvalde i fylkeslaget for eit godt og hyggeleg samarbeid, og ser fram til eit spennande og aktivt år i 2008.

Med helsing
Reidun Solberg Seim
-Fylkessekretær-

## <u>Kontorutstyr som NJFF – Sogn og Fjordane eig pr. 31.12.07</u>

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1 datamaskin (pc) | Siemens | 2004 | (Reidun) |
| 1 bærbar PC | Acer | 2006 | (Reidun) |
| 1 telefaks | Lanier 4100 | 1997 | (Reidun) |
| 1 kopimaskin | Nashuatec D420 | 1997 | (Reidun) |
| 1 ISDN telefon | DORO bisy | 1999 | (Reidun) |
| 1 Mobiltelefon | Nokia | 2006 | (Reidun) |

Elektrisk Dressurhalsband
Målegevær
2 hagler
2 rifler
Gigant-lavvo (70 m2), 8-manns lavvo

<u>Utstyr i tilhenger:</u>
Skaphengar, 2000
10 sett flugestenger, 2000
10 sett flugebindarutstyr, 2000
10 teleskopstenger utan snelle, 2000, 10 iskfiskesett + isbor m.m. 2005
7 ferskvasstenger
Mink - og mårfeller
30 flytevestar
2 slagfeller til rev
10 stk. kompass
Ymse

Fylkeslaget eig også 1/3 i ”skiljeveggane” som vart laga til Villmarksmessa i Stryn 1997 + dei i Førde.

# Norges Jeger- og Fiskerforbund -Sogn og Fjordane

## Årsplan for 2008

FF = Fagleiar Fisk
FV = Fagleiar Vilt
FH= Fagleiar Hund
KK=Kvinnekontakt
UA=Ungdomsansvarleg
FS = Fylkessekretær
FL = Fylkeslaget
LF = Lokallaga
FM = Fylkesmannen

**Satsingsområder:**

**1.1 Sikre naturgrunnlaget som vilkår for jakt og fiske.**
**1.2 Sikre og vidareutvikle ålmenta si tilgjenge til jakt og fiske.**
**1.3 Sikre jakt- og fiskeutøving som ein naturleg del av det tradisjonelle haustingsbaserte friluftslivet.**
**2.1 Organisasjonsutviklinga i NJFF skal bidra til skulerte skulerte tillitsvalgte, gode aktivitetstilbod, rasjonell drift og attraktive medlemsfordelar.**
**2.2 Rekruttering med vekt på ungdom og kvinner**
**2.3 Gje gode tilbod til barn og ungdom.**
**2.4 Informasjonsarbeid slik at NJFF sitt bodskap skal nå ein større del av allmugen og beslutningstakarar, og stimulere til auka interesse og forståing for jakt og fiske, og stimulere til auka oppslutnad om organisasjonen.**

# Jakt og forvaltning

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Opplæring** | Hjortejakt / småviltjakt | | Gaularfjellet | FV / FH |
| | Fadderordning og opplæringsjakt for nye jegerar | | | |
| | Kurs i jervejakt | 8. mar. | Sogndal | FS |
| | Vidaregåande kurs ettersøk | april | Skei | Ettersøk |
| | Tilbod til jegerprøvekandidatar | mars | | FV / FS |
| **Jegerprøve** | Fase I og II nye j.p. Instruktørar | 26.-27. Jan | Førde | J.P. instr. |
| **Jakthund** | Treningsterreng fuglehundar | 01.01-01.04 | Gaularfjellet, Stryn, Hodlekve | FH |
| | Treningssamling ståande fugleh. | 26.-27. Febr | Thorsnesstølen | FH |
| | Treningssamling ståande fugleh. | 14.-16. Mars | Gaularfjellet | FH |
| | Sommarsamling fuglehundar. Apportprøve | juni / juli | | FH |
| | Kåre årets fuglehund i NJFF -S&Fj | | | FH |
| | Kartlegge status ettersøksarb. S&F | kont | | Ettersøk |
| | Halde oversikt over ettersøksekv./instr. | kont | | Ettersøk |
| | Bistå terminfesta sporprøver | | | Ettersøk |
| | Dommarsamling blodspor og ferskspor | 1. mar. | Skei | Ettersøk |
| | Samling Aversjoninstruktørar | mars ? | | Aversjon |
| | Kurs for nye aversjonsinstruktørar | | | Aversjon |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Rovvilt** | Deltakar kontaktutvalet for rovvilt | 10. Mars | Leikanger | FS |
| | | Møte haust | Leikanger | FS |
| | Møte rovviltnemda ? | | | FS |
| **Hjortevilt** | Arbeidsseminar kommunane | | Førde | FV (og FS?) |
| | Merkeprosjekt hjort: møter, nettside | kont. | | Ove B, FS |
| **Småvilt** | Medhjelpar taksering småviltterreng | | Nordfjord | FH |
| | Taksering skogsfugl | haust | | FV / FH |
| | Strateginotat vedr. småviltjakt, forvaltning etc. | | | Styret |
| **Kystsel** | Oppordre til å søke om skadefelling | | | |
| **Skyting** | Oppdateringskurs jegertrapdommarar | | | Hagleinstr. |
| | Utarb. hefte med info om banebygging, tilskot etc | | | Hagleinstr. |
| | Kartlegge behov for tilbod på skot, leirduer | | | Hagleinstr. |
| | Arr. Vinterjegeren i samarbeid med LF | 16. feb. | Hyen | HI / FS |
| | Koordinere skytestevner | | | Hagleinstr. |
| | Plan for rekruttering | | | Hagleinstr. |
| | Open dag på min. 2 skytestevner | | | Hagleinstr. |
| | Etablere Sogn og Fjordane Cup | | | Hagleinstr. |
| **Samarbeid FM** | Tildeling viltfondsmidler | mars | | FV |
| | Viltseminar | nov el. febr | | FV / FS |
| **Sikkerheit** | Oppfordre til bruk av signalfargar | | | FV |
| | Sal av sikkerheitsbekledning under oppskyting | | | |
| | Medl.tilbod til j.p. Kandidatar. | | | |
| **Høyringar** | Fylkesdelplan for vindkraft | frist 24. Mars | | FV |
| **Framleige** | Deltakar utmarksbasert reiseliv. | kont. | Førde | FS |

# Fiske og forvaltning

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Kraftsaker** | Halde oversikt på nettet | kont. | | FS |
| | Oppfordre LF til å ta kontakt i kraftsaker | kont. | | FF/FV/FS |
| **Samarbeid FM** | Tildeling fiskefondsmidler | mars | | FF |
| | Fiskeseminar FM/NJFF/Skogeigarl/Bondel | 8.-9.febr | | FF / FS |
| **Sjøaure** | Bistå NINA i å fange sjøaure gj. vinteren for å studere lusepåslag. | kont. | Sognefjorden | FF |
| | Kartlegge sjøaureressursen i aurebekkar som ikkje tidlegare er undersøkt (samarb. FM). | kont. | Høyanger, Flora, Stryn/Hornindal | FF |
| | FOU prosjekt | kont. | Daleelva | FF |
| | Sjøørret 2008. Bistand LF | 26.-27.april | Heile fylket | FS |
| | Info om minstemål, grenser til os etc | | | |
| **Villaks** | Deltakar lakserådet. Møter | | | FF |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | Villaksseminar (Norsk villakssenter) | | Lærdal | FF |
| | Anmelde større rømmingar | | | FF |
| **Hav og kystområda** | Kartlegge sjøfiske | kont. | | FF / FS |
| **Forsuring og ureining** | Hindre smittespreiing, pressem. | før laksestart | | FS / FF |
| **Høyringar** | Fylkesdelplan for vasskraft | frist 24. Mars | | FF |
| **Framleige** | Følge opp søknader på gang og evt. nye | | Stryneelva | FF |
| | Kontakte Aurland jfl og følge opp overtredingar i forhold til godkjenning | | Nærøydalselva | FF |

# Rekruttering

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Barn og ungdom** | Storkurs 4H (FNF-samarb.) | 11.-13.april | Vassenden | |
| | Villmarksleir 14 + | 8.-10. juni | Sogn | UA / FS |
| | Koordinere opplæringsjakt i LF | kont. | | UA/FV/FS |
| | Fylkesleir for ungdom | 6.-8. Juni | Nesholmen | UA / FS |
| | Fylkesleir for ungdom | 13.-15.juni | Dalevatnet | UA / FS |
| | Premiere godt ungdomsarb. i LF | | | UA |
| | Planlegge barne- og ungdomsmedarb. | | | |
| | Laksefiske for ungdom | | | |
| | Jobbe for heilskapleg barne- og ungdomsarr. | | | |
| | Jakt- og fiskeskular | | | |
| **Kvinnsatsing** | Småviltjakt og eller Skogsfugljakt for jenter | september | Sverige ? | KK |
| | Hjortejakt for jenter | | Hyen | KK |
| | Laksefiske for jenter | 12.-13. Juli | Gaula el Daleelva | KK |
| | Kv. J.p. kandidatar | 1.halvår | | KK/FS |
| | Følge opp KK i LF | kont. | | KK/FS |
| | Arb. for fleire KK i LF og kvinner generelt | kont. | | KK/FS |
| | Arb. For fleire kvinner i fylkeslaget | | | |
| | Kvinnekontaktsamling | | | KK/FS |
| **Funksjons-hemma** | Infomere om kva som er tilrettelagt for funksjonshemma | | | FS |
| **Medlems-pleie** | Aktivitetar | juli | | Alle |
| | Medlemsfordelar: rabatt på sikkerheitsbekledning, rabatt på skytesimulator på Lunde, rabatt utstyr | | | |
| | Heiderspris til person som har gjort godt arbeid innen barn og ungdom | | | UA |
| | Brev til barne- og ungd.medlemer | mars | | FS / UA |
| | Brev til kv. Medlemer + andre jenter | april ? | | FS / KK |
| | Prisdifferensiere kurs og aktivitetar | kont. | | |

# Organisasjon og informasjon

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Årsmøte** | | 29.-30. Mars | Gloppen | |
| **Styremøter og arbeidsmøte** | | | | |
| **Skulering /intern-nettverk fylkeslaget** | Samlingar sentralt i NJFF for fylkesinstruktørar og andre i fylkeslaget | 29.febr-2.mar | | KK |
| | | 23.-25.mai | | Leiar |
| | | 29.-31.aug | | Leiar |
| | | 13.-15.april | | FS |
| | | 10.-12.nov. | | FS |
| | | 5.-7. Des | | Org.kont. |
| | | 5.-7. Des | Stjørdal | J.P.instr. |
| | | | | UA |
| | Leiarkonferanse | | | Leiar |
| | Kvinnekontaktsamling, LF | | | KK |
| | Ungdomsansvarlegsamling, LF | | | UA |
| **Fylkes-instruktør** | Vurdere behov for fylkesinstruktør jakthund | | | styret |
| **Utvalg / Ad hoc** | Danne utvalg eller ad hoc innen fisk (og ungdom, vilt?) | | | styret |
| **Ressurs-personar** | Database over ressurspersonar til kurs o.a. slakte, jaktleiar, rev etc. | kont. | | FS |
| **Org. skulering** | Organisasjonskurs | 5. apr. | Stryn ? | Org.kont |
| | Oppnemne organisasjonskontakter | | | styret |
| **Oppfølging LF** | Årsmøter i lokallaga | | | |
| | Telefonkontakt med nye leiarar | | | Alle |
| | Fylkesinstruktørar kontakt med LF | | | |
| | Brev til alle medl i styra i LF | | | |
| **Spesial-oppfølging LF** | Følge opp spesielt nokre LF som ynskjer det | | | |
| | Vitalisere eit LF | | | |
| **Info-skriv LF** | min. 6 "Jeger & Fisker" til LF | | | FS |
| **Info i fylkes-magasinet** | Skrive stoff til fylkesmagasinet i minst 6 utgåver | | | Alle |
| **Avis** | Lage fylkesavis igjen ? | | | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Portal** | Utvikle vidare fylkessida i portalen | kont. | | styret |
| | Informere om kurs og aktivitetar etc. | kont. | | FS |
| | Synleggjere FL sine standpunkt | kont. | | FS |
| | Bistå LF i etablering nye nettsider | kont. | | FS |
| | Infomere medlemer via e-post i portalen | kont. | | |
| **Presse-meldingar** | Sjå også andre punkt. | | | |
| | Samerettusvalget II - samers rettar | 1. halvår | | FS |
| | Alle arrangement | | | |
| | Sjøørretkonkurransen | | | FS |
| | Nattjakt og jakt generelt | juli/aug | | FV/FS |
| | Fellefangst | oktober | | Bjarne? |
| **Informere om NJFF -SF** | På seminar og aktivitetar | | | |
| **Profil** | Bruke NJFF sin profil ved annonsering, bruke NJFF sitt handlingsprogram i sin årsplan | | | |
| **Inatur** | marknadsføre til LF, nettside o.a. | | | |
| **FNF nettverk** | Møter i styringsgruppa | | Førde | nestleiar |
| | Årsmøte i FNF | 6. mar. | Førde | nestleiar/FS |
| | Fellesmøte hausten | nov ? | | nestleiar/FS |
| **Studieforb. natur og miljø** | Medlem i styret. Møter og årsmøte | | | FV |

VEDTEKTER

# NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND -SOGN OG FJORDANE

Vedtekne av årsmøtet 25.03.2000
Revidert 18.03.06
Godkjendt av NJFF 09.02.07

***DEL I***

***§ 1. NAMN***
*Fylkeslaget sitt namn er* ***Norges Jeger- og Fiskerforbund -Sogn og Fjordane****, og er ein samanslutning av alle lag tilslutta Norges Jeger- og Fiskerforbund i Sogn og Fjordane Fylke.*

***§ 2. FORMÅL***
*Fylkeslaget sitt hovudformål er det same som for NJFF sentralt:*

*Å ta vare på jakt- og fiskeinteressene igjennom å ta vare på naturen sitt produksjonsgrunnlag, og ved at ålmenta skal ha tilgang til å utøve jakt og fiske. Hovudmåla er:*

- *å være ein aktiv interesseorganisasjon som tek vare på medlemene sine interesser innan jakt, fiske, naturforvalting og friluftsliv.*
- *å sikre ei berekraftig hausting av vilt- og fiskeressursane våre, basert på tilgjengeleg kunnskap.*
- *å sikre at viltet og fisken blir hausta til glede for flest mogeleg motiverte utøvarar.*

*Arbeidet i fylkeslaget skal byggje på NJFF sitt gjeldande handlingsprogram og det årlege* arbeidsprogrammet.

*Fylkeslaget skal være bindeleddet mellom NJFF sitt sentralledd og lokallaga i fylket. Det har eit særleg ansvar med å ta vare på organisasjonen sitt formål elles på fylkesnivå.*

***§ 3. LEIANDE ORGAN***
*Laget sine leiande organ er:*
*a) Årsmøtet*
*b) Ekstraordinært årsmøte*
*c) Styret*

*Årsmøtet skal haldast kvart år innan 1. april.*

*Sentralleddet i NJFF har rett til å vera representert på års- og styremøta til fylkeslaget med talerett.*

***§ 4. ØKONOMI***

*Forbundet refunderer til fylkeslaget den del av kontingenten som landsmøtet fastset.*
*Fylkeslaget sitt årsmøte kan i tillegg fastsetje ein eigen kontingent til fylkeslaget som vert kravt inn saman med forbundskontingenten.*
*Fastsett fylkeskontingent skal meldast til forbundet innan 1. september.*

***DEL II***

***§ 5. ÅRSMØTE***

*Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan 1. april og skal veksla likt mellom Nordfjord, Sunnfjord og Sogn.*
*Årsmøtet skal kallast inn med 6 vekers skriftleg varsel. Framlegg som laga ynskjer å få handsama av årsmøtet skal vere styret i hende innan utgangen av januar.*
*Styret sitt framlegg til sakliste, årsmelding, rekneskap, evt. vedtektsendringar og andre saksdokument skal sendast til lokallaga seinast 2 veker før årsmøtet.*
*Lag med inntil 200 medlemer kan senda 2 representantar. Lag med fleire medlemer kan sende ytterlegare 1 representant for kvar påbyrja 200 medlemer, -maksimalt 6 representantar. Medlemer frå laga utnemnd av NJFF i sentrale utval og fylkesinstruktørar vert kalla inn til årsmøtet. Desse har talerett, men ikkje røysterett. Dersom dei møter som representant for eit lag har dei både tale- og røysterett på årsmøtet.*

*Årsmøtet skal handsama følgjande:*

11. *Konstituering av møtet*
    - *Godkjenning av fullmakter*
    - *Godkjenning av innkalling*
    - *Godkjenning av saklista*
    - *Godkjenning av forretningsorden*
    - *Val av ordstyrar*
    - *Val av sekretær*
    - *Val av teljekorps*
    - *Val av 2 representantar til å skriva under møteboka*
12. *Årsmelding frå siste kalenderår.*
13. *Revidert rekneskap frå siste kalenderår.*
14. *Innkomne saker med styret sitt framlegg til vedtak.*
15. *Andre saker som styret har sett opp på saklista.*
16. *Styret sitt framlegg til årsplan.*
17. *Fylkeslaget sin kontingentdel, med styret sitt framlegg til vedtak.*
18. *Styret sitt framlegg til budsjett.*
19. *Val av styre i medhald av § 7.*
20. *Val av valnemnd på 3 medlemer - mest mogeleg geografisk fordelt, for 3 år, ein person på val kvart år. Den av medlemene som har sete lengst, er leiar i valnemnda.*
21. *Val av 2 revisorar og ein varamedlem for 3 år, ein person på val kvart år.*
22. *Val av utsendingar til landsmøtet (kvart tredje år).*

Ungdomsansvarleg skal vere representert ved NJFF sitt ordinære landsmøte, og skal gå inn i

kvoten til fylkeslaget.

*Dersom ikkje noko anna er bestemt, skal alle saker avgjerast med simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta, unnateke ved personval, der ein skal foreta loddtrekking. Vala skal vera skriftlege dersom nokon av representantane krev det.*

*Ingen representantar har meir enn ei røyst. Styremedlemene i NJFF Sogn og Fjordane har ikkje røysterett i saker som gjeld årsmelding og rekneskap.*

## *§ 6. EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE*

*Ekstraordinært årsmøte kan kallast inn av styret, eller når eit tidlegare årsmøte har bestemt det, eller minst 1/4 av lokallaga i fylket, eller forbundsstyret i NJFF krev det.*

*Ekstraordinært årsmøte, vedlagt sakliste, skal kallast inn med minst 14 dagars varsel. Møtet skal ikkje ta avgjerd i andre saker enn dei som er oppførde på saklista i innkallinga.*

## *§ 7. STYRE*

*Laget vert leia av eit styre på 7 representantar, som består av leiar, nestleiar/sekretær, kasserar, ungdomsansvarleg, kvinnekontakt, fagleiar vilt og fagleiar fisk.*
*Fagleiar vilt og fagleiar fisk har fagansvar på kvar sine fagområde og førebur desse til styrebehandling.*
*Styret skal ha to vararepresentantar. 1. vararepresentant har hovudansvar for fagområde innan jakthund. 2. vararepresentant er ordinært varamedlem.*
*Fyrste vararepresentant vert innkalla til alle styremøte, og har røysterett når nokon av dei andre medlemene har forfall.*
*Andre vararepresentant vert også innkalla til fyrste styremøtet etter årsmøtet, og elles når faste representantar melder avbod. Styret har til ein kvar tid maksimalt 6 repr. med stemmerett.*
*Ved likt røystetal har leiar dobbeltrøyst.*

1. *Styret vert vald for 2 år om gongen. Leiar, kasserar, fagleiar vilt og kvinnekontakt vert valde i år med like årstal. Nestleiar/sekretær, ungdomsansvarleg og fagleiar fisk vert valde i år med ulike årstal.*
2. *Varamedlemene vert valde for 1 år om gongen.*

*Fylkesinstruktørane og andre fagpersonar er fagleg underlagt NJFF, og tiltrer fylkesstyret etter behov med tale og forslagsrett.*

## *§ 8. STYRET SITT ARBEID*

*Styret skal:*

1. *Representere fylkeslaget, utøve administrativt mynde, handheve vedtektene og ivareta fylkeslaget sine interesser ut mot dei lokallaga som er tilslutta laget og regionale styresmakter.*
2. *Medvirke til å opprette nye lokallag og eventuelt medvirke til å slå saman lokallag der det er naturleg, og hjelpa desse med råd og opplysningar.*
3. *Førebu, handsame og vedta saker av interesse for laga i fylket.*

4. *Halde møter med lokallagsleiarar/-styre for drøfting av viktige saker av felles interesse samt ta initiativ til kurs, møte o.l.*
5. *Sende saker til høyring i lokallaga.*
6. *Fastsetje tid for ordinært og eventuelt ekstraordinært årsmøte.*
7. *Leggje fram årsmelding og rekneskap med revisorrapport kvart år om laget si verksemd i kalenderåret.*
8. *Utarbeide framlegg til årsplan og budsjett for komande år.*
9. *Sende årsmelding og rekneskap samt årsmøtereferat med ajourført liste over tillitsvalde til NJFF og lokallaga seinast 1 månad etter årsmøtet. Føreslå nyval dersom tillitsvalde ikkje oppfyller instruksen, også om dei ikkje står på val.*
10. *Styret kan oppnemne eigne arbeidsutval. Styret utarbeidar arbeidsinstruks for desse.*
11. *Gjere framlegg om tildeling av eventuelle heidersteikn.*
12. *Utnemne fylkesinstruktørar.*
13. *Utarbeide instruks for tilsette i fylkeslaget.*
14. *Styret utarbeidar instruks for styremedlemer og instruktørar.*
15. *Vere representert ved stemner og arrangement på fylkesnivå.*
16. *Arbeide for lags- og medlemsfordeler, herunder drive informasjon om økonomisk støtte til fylkeslag og lokallag.*
17. *Avgjere tvistar mellom laga. Avgjersla kan ankast inn for årsmøtet i fylkeslaget.*

*Styret er vedtaksført når minst halvdelen av styret er tilstades. Vedtak vert avgjort ved simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta. Det skal førast protokoll frå kvart styremøte.*

***§ 9. VEDTEKTSENDRINGAR***

*Vedtektsendringar (del II) kan gjerast av årsmøtet. Til gyldig vedtak vert det kravt 2/3 fleirtal av dei representantane som er tilstades på årsmøtet.*
*Vedtektsendringar skal godkjennast av Representantskapet i NJFF.*